

Opusnummer til Johan Svendsen sine verk

BJARTE ENGESET

I denne artikkelen formidlar eg korleis Johan Svendsen (1840-1911) sine verk har vore nummerert med opusnummer i ulike verklister, og undersøker kvifor det har vore så store variasjonar mellom desse listene. Eg foreslår deretter kva for opusnummer prosjektet *Johan Svendsens Verker* (JSV) bør bruke.

Johan Svendsen (JS) sjølv brukte opusnummer, kanskje mellom anna for å sikre at alle dei komposisjonane han såg på som vesentlege, og berre dei, vart kjende for omverda. Det kan sjå ut som han prinsipielt ikkje gav opusnummer til dei mange orkestreringane han hadde gjort av andre sine verk. Men desse orkestreringane var likevel ofte med i konsertprogramma han dirigerte, og han må ha gjeve opplysningar om desse verka til forfattarar av leksikonartiklar og leksikonverklister. Han nemner også desse arrangementa i sine eigne handskrivne verklister. Det er altså grunn til å tru at han såg på også desse verka som vesentlege. Kanskje fekk dei ikkje opusnummer fordi dei eigentleg er verk av andre komponistar. JS brukte også opusnummer og verklister for å halde orden på livsverket sitt i høve til forleggjarkontraktar. Det verkar som forleggjarar i svært stor grad har fylgt og respektert forslaga hans til opusnummer. Nokre tidlege verklister i leksikon og tidsskriftsartiklar gir også til ein viss grad uttrykk for JS sine eigne synspunkt på opusnummereringa, sidan mange av opplysningane i desse listene nok kom frå han sjølv. Seinare har mange forfattarar av verklister kopiert andre lister utan alltid å gjere eigne undersøkingar. Slik har det dukka opp fleire mistydingar og feil som har vorte kopiert vidare.

Det er mogleg å tenkje seg at ei opusliste i dag først og fremst skal formidle ein eintydig og varig historisk praksis, også der denne praksisen eventuelt ikkje fylgjer komponisten sine intensjonar. Men når det gjeld JS er det så stor sprik mellom listene at det ikkje finnast ein slik eintydig historisk praksis. Ein vesentleg grunn til dette komplekse biletet er at to norske

musikkhistorikarar i tida etter den andre verdskrigen har påverka opuslistene på to grunnleggjande ulike måtar. Øystein Gaukstad utforma listene i dei to utgåvene av Sohlmans leksikon i 1952 og 1979. Han må ha brukt JS sine eigne lister, dei eigenhendige manuskripta, forlagsutgjevingane og dei eldre verklistene som eit historisk kjeldemateriale, der han i stor grad har prøvt å fylgje JS sine eigne intensjonar om opusnummer. Det ser ut til at Olav Gurvin har hatt eit anna ideologisk utgangspunkt enn Gaukstad. Gurvin sine lister var subjektivt normerande i den forstand at han fjerna nokre verk frå listene medan han henta andre verk inn, utan at det finnast argument for dette i kjeldematerialet. Det er stort sett kantater som har “mist” opusnummera sine, medan det er arrangementa for strykeorkester og to songar med klaver som har fått tildelt opusnummer. Finn Benestad og Dag Schjelderup-Ebbe har i nyare lister i stor grad kopiert Gurvin sine prinsipp, og det same har Harald Herresthal gjort. Når verk som *Wergelandkantate* og *Holbergkantate* vart fjerna frå listene kan det avspegle synspunktet at verka har, eller burde ha, liten aktualitet i dag, sidan dei var knytte til historiske hendingar. Brukt slik fungerer opuslistene som instrument for kanonisering.

Når det gjeld verka der forlaga har plassert opusnummer på notane er dei fleste verklistene eintydige. Men for verka som er utjevne utan opusnummer, og for dei uttrykte verka Svendsen skreiv i København-perioden (frå 1883) er det svært store variasjonar. Særleg er det nummereringa frå opus 25 og oppover som spriker i mange retningar i listene. (Sjå tabellane på slutten av denne artikkelen).

Eg meiner JSV bør bruke den same vitskaplege tankegangen og metoden som Gaukstad brukte, men samstundes formidle mangfaldet og detaljane i historia kring JS sine opusnummer.

Det er til no berre gjort *ein* freistnad på å nummerere også dei mange Svendsen-verka som *ikkje* har hatt opusnummer, i Benestad, Finn og Dag Schjelderup-Ebbe: *Johan Svendsen. Mennesket og kunstneren*. Prosjektet *Johan Svendsens Verker* vil bruke eit nytt system for nummerering av alle Svendsen-verk, inkludert dei som er utanom opuslista. Dette vert diskutert i ein eigen artikkel: Bjarte Engeset: *JSV-nummer - det nye nummereringssystemet for Johan Svendsen sine verk*.

JOHAN SVENDSEN SINE EIGNE OPUSNUMMER


Det er spor etter verknummerering i Johan Svendsen sine tidlege verk, i dei eigenhendige manuskripta. Dette var før JS vart musikkstudent i Leipzig og før han hadde fått utgjeve nokon verk. I partituret til *Chatarina-vals* (1858) står det ”op. 5”. I stemmematerialet til *Farvel* (1859) står det ”op. 10”. Vi ser også spor av nummerering i manuskripta til tre verk som vart komponert i februar 1863, då Svendsen var i Lübeck. I manuskriptet til *Guds Fred*, står det ”Musikk (23.) / af / JSvendsen”. I manuskriptet til *Ich steh auf des Berges Spitze* står det ”(24)”, og i manuskriptet til *Digt af Molbech* står det ”(25)”. Andre spor av tidleg nummerering har vi ikkje funne.

Då Svendsen kom til Leipzig slo han ein strek over denne nummereringa og starta på nytt, med strykekvartetten som opus 1. Kvartetten var det første verket han komponerte etter han vart elev ved Leipzig-konservatoriet. I dei fylgjande åra komponerte han ei rekkje verk, dei fleste nummerert med opusnummer på tittelsida i dei eigenhendige manuskripta. Svært mange av desse verka vart utgjevne, og forlaga plasserte opusnummera frå manuskripta på dei trykte notane. Det er ingen grunn til å tru at det var andre enn JS som definerte desse nummera. Ved Musikmuseet i København (Arkiv 313, Johan Svendsens Papirer, Kasse IV:17, Kompositionsfortegnelser) er fire verklistor skrivne av Johan Svendsen sjølv arkivert. Han lister her opp opusnummer, tittel, og for dei fleste verka sin del også forleggjar. Listene samsvarar godt med opusnummera i manuskripta og med dei nummera forlaga brukte.

Ei av verklistene (VERKLISTE A) sluttar med op. 7, der berre bokstavane ”concer” er skrivne inn. Dette kan kanskje tyde på at lista er skriven like før *Cellokonserten* vart utgjeven, altså ein gong i 1870-1871. Svendsen skriv her at *Fiolinkonsert i A-dur* er utgjeven av Breitkopf og Härtel. Dette stemmer ikkje. Det var forlaget Fritsch som gav den ut i 1871. Kanskje var dette med Breitkopf ei feilskrivning som fekk Svendsen til straks å avslutte for så å kunne skrive ei ny og korrekt liste. Titlane i denne kortaste av dei fire listene er på fransk. Det kan difor like gjerne tenkjast at lista er skriven i Paris i perioden 1879-1880, i samband med at JS då truleg gav verklisteinformasjon til musikkleksikonet *Biographie universelle des musiciens et bibliographie générale de la musique, Supplément* (1880), redigert av François-Joseph Fétis. (FÉTIS).

Tidfesting til 1879-1880 er i alle høve nokså sannsynleg for to andre verklistar sin del (VERKLISTE B og VERKLISTE C). Begge desse sluttar med op. 22 som vart komponert i Roma, i desember 1877. Det neste opuset, *Fem songar* op. 23, vart komponert i Paris i 1879 og er ikkje med. Berre detaljar i skrivemåten av verka skiller desse to listene når det gjeld dei nummererte verka, men berre den eine av listene (VERKLISTE B) har også med namn på forlag. I VERKLISTE C står det kryss i venstremargen ved dei fleste verka. Det manglar kryss ved berre tre verk, opus 10, 16 og 14. Op. 10, *Sørgemarsj*, og op. 16, *Rødnæseriddermarsch* vart ikkje trykt i JS si levetid. Op. 14 hadde på denne tida tittelen *Bryllup på Dovre* og vart ikkje trykt før i 1881, av Peters i Leipzig, og då med tittelen *Norsk kunstnerkarneval*. Kryssa markerer difor nokså sikkert dei verka som var utgjevne då lista vart laga. Desse to listene, som begge har tittelen *Bryllup på Dovre* ved op. 14, er difor truleg laga før 1881. VERKLISTE C har eit kryss ved verket *Romeo og Julie*, op. 18. VERKLISTE B har derimot ikkje forleggar nemnt ved sida av denne tittelen. Verket vart trykt av Breitkopf og Härtel i 1880. VERKLISTE B har også med tretten andre verk, på baksida, under overskrifta "Arrangements". Desse verka er lista opp utan opusnummer.

Eit utsnitt frå VERKLISTE D (Musikmuseet i København, Arkiv 313, Johan Svendsens Papirer, Kasse IV:17, Kompositionsfortegnelser):



Den yngste, mest omfattande, og dermed viktigaste av verklistene, VERKLISTE D, er redigert heilt fram til i 1911, JS sitt dødsår. Den kan vere påbyrja tidlegare, men årstalet 1911 er nemnt i fleire samanhengar, så i alle fall delar av den må vere frå dette året. Lista er skriven i blekk, med påskrifter i blyant. Det verkar som JS sjølv har stått for dei aller fleste av desse påskriftene. I tillegg har kona hans, Julie Svendsen (1866-1952), skrive fylgjande nederst på ei av sidene: "Dette har min Mand selv skrevet". Ho ville nok på denne måten sikre at lista fekk særleg status og at den vart godt teken vare på. Lista har opusnummer skrivne i blekk frå 1 til 33 og titlar og

forlag på dei fleste av verka. På den siste sida er det ein del verk under overskrifta ”Uden opustal”. Likevel har alle desse verka fått opustal frå 34 til 42 innskrive i venstre marg med blyant. I tillegg er to verk plassert lenger nede på den siste sida, utan opustal: *Til Sæters Vals* og *Symphonie IV*.

Det vart i liten grad teke omsyn til denne VERKLISTE D i verklister laga i tida etter at Svendsen døde i 1911. Den første som må ha gjort dette var Øystein Gaukstad, i *Sohlmans Musiklexikon* (1952) (SOHLMANS). Gaukstad vidarefører dette vesentlege arbeidet sitt, med nokre små endringar, i den andre utgåva av SOHLMANS, i 1979. To andre moderne leksikon, som begge kom kring 1980, har så i sin tur bygt på Gaukstad sitt arbeid. Dette gjeld John Bergsagel si liste i *The New Grove Dictionary of Music and Musicians* (1980 og 2001) (NEW GROVE) og Øivind Eckhoff (1916–2001) si liste i *Cappelens musikkleksikon* (1978-1980) (CAPPELEN). I desse to listene kan vi t.d. sjå spor av Sohlmans-lista i det at begge nyttar tittelen “Polonaise nr. 2” i opus 28. Det var Gaukstad som innførte dette med “nr. 2” etter denne polonesen i trykte verklister.

FORLAGA SINE OPUSNUMMERERINGAR

Forlaga sine opusnummer finn vi naturlegvis først og fremst på dei trykte utgåvene og i forlagskatalogane. Det er få opne spørsmål kring opusnummera til dei verka som vart trykt i JS si levetid. Men vi kjenner også til at forlagsrettane til nokre utrykte verk vart avtala. Ved Det Kongelige Bibliotek finnast det ei handskriven bok som har tilhøyrt forlaget Wilhelm Hansen. Den har eit alfabetisk oversyn over alle aktuelle verk av Johan Svendsen. Her står det ein del opplysningar også om verk med forlagsavtale som *ikkje* har vorte trykt. Desse opplysningane er også samla i ei maskinskriven liste oppbevare hos firmaet, datert 5/10-1964 (WH-LISTE). Her er nokre verk lista opp bakerst i dokumentet, under overskrifta ”Manuskripter, hvortil udgivelsesret er erhvervet”. Denne lista er altså ei verdfull kjelde for den opus-nummereringa JS sjølv gjorde i samarbeid med forlaget. Her er *Wergelandkantate* t.d. nemnt som op. 25 og *Hymne* som op. 32, slik som i Svendsen si siste eigenhendige verklister (VERKLISTE D). Denne maskinskrivne lista frå 1964 nemner også *Sørgemarsj* (op. 10) som eit verk Wilhelm Hansen har

rettane til. I VERKLISTE D er fylgjande notert ved *Sørgemarsjen*: ”Peters, men endnu ikke trykt”. Men det står også ”solgt til W-H. 300 kr 010.”

PORTRETTARTIKLAR FRÅ PERIODEN 1870-1880

Det kom fleire lengre portrettartiklar om Johan Svendsen i tidsskrift og aviser i 1870-åra. Den første av dei stod i *Musikalisches Wochenblatt* 31. mars 1871. Forfattar var ein av Svendsen sine medstudentar, Georg Henry von Ende frå Kassel, og tittelen var “Biographisches. Johan Svendsen (Mit Portrait)”. På slutten av artikkelen er det med ei opusliste med dei sju første opusnummera:

Op. 1, Quartett für Streichinstrumente, A moll. Op. 2, Männerquartette mit schwedischem Text. Op. 3, Octett für Streichinstrumente, A dur. Op. 4, Symphonie, D dur. Op. 5, Quintett für Streichinstrumente, C dur. Op. 6, Violinconcert mit Orchester, A dur. Op. 7, (unter der Presse) Violoncelloconcert mit Orchester, D dur.

Artikkelforfattaren H. v. Ende vert omtala i Nordisk Musiktidende i mars 1881: “H. v. Ende, som dengang var Svendsens Kammerat og levede Konservatorietlivet med, har i “Musikal. Wochenbl.” for 1871 skrevet en længere Biografi af ham, (...)”. H. v. Ende sin artikkel, med den vesle opuslista, kom så på trykk i meir eller mindre forkorta versjonar på fleire språk: *Skilling-Magasin* (Norge) 29. april 1871, *Watson’s Art Journal* (USA) 15. juli 1871, *The Musical World* (England) 12. august 1871. I januar 1872 kom det så ein liknande portrettartikkel i *Allgemeine Moden-Zeitung* (Tyskland). Også her er det med ei lita verkleste, i innhald lik den ovanfor, men med opus 8, “Sigurd Slembe”, inkludert. Det er verd å merke seg at også orkestreringane utan opusnummer vert nemnt i *Allgemeine Moden-Zeitung*:

Ausser Arbeiten im Manuscript (darunter auch orchestrale Bearbeitungen verschiedener Klavierstücke von Liszt, Schumann, Schubert u.s.w.) hat er folgende Werke veröffentlicht:

Op. 1. Quartett für Streichinstrumente, A moll; Op. 2. Männerquartette mit schwedischem Text; Op. 3. Octett für Streichinstrumeente, A dur; Op. 4. Symphonie, D dur; Op. 5. Quintett für Streichinstrumente, C dur; Op. 6, Concert für Violine und Orchester, A dur; Op. 7. Concert für Cello und Orchester, D dur; Op. 8 (unter der Presse) “Sigurd Slembe”, symphonische Einleitung zu Björnstjerne Björnson’s gleichnamigem Drama.

Ein artikkel i *Ny illustreret Tidende*, Kristiania, 2. mai 1875, hadde tittelen “Johan Svendsen” og var signert “K. A. W.-H.”. Sannsynlegvis er dette Kristian Anastas Winterhjelm (1843-1915). Han hadde også med ei verkliste. Vi kan merke oss at opus 13 her er definert, men ikkje opus 9 til 12. Også her er nokre orkestreringar utan opusnummer nemnt.

Værker:

Op. 1. Kvartet for Strygeinstrumenter, A-Mol.

Op. 2. Mandskvartetter.

Op. 3. Oktet for Strygeinstrumenter, A dur.

Op. 4. Symfoni, D dur.

Op. 5. Kvintet for Strygeinstrumenter, C dur.

Op. 6. Violinkonsert med Orkester, A dur.

Op. 7. Violoncelkoncert m. Orkester, D dur

Op. 8. “Sigurd Slembe”, symfonisk Indledning for Orkester

Op. 13. Kronings-Marsch v. H. M. Oskar II Kroning i Throndhjem.

Utrykte: “Karneval i Paris”; “Sørgemarsch v. Karl XV’s Død”; “Romeo og Julie”,


Fantasi; “Zoraidée”, Legende, samt en Del Bearbejdelser efter Bach, Schubert, Liszt etc.

Den lengste av portrettartiklane frå denne tida stod i *Nordisk Musik-Tidende*, delt over fire ulike nummer: Mars 1881, April 1881 (II), Mai 1881 (II. Slutn.), Juli 1881 (III). Artikkelen med tittelen “Johan Svendsen” var signert “F.”, og ein del verk og opusnummer vert nemnt i teksten.

UTANLANDSKE VERKLISTER FRÅ PERIODEN 1880-1954

Det første leksikonet som trykte ei liste over JS sine verk var FÉTIS (*Biographie universelle des musiciens et bibliographie générale de la musique*). Lista står i bind to av den utgåva som er kalla *Supplément* (1880). Artikkelen om JS er underskriven med signaturen AD. J.n., som står for Adolphe Jullien. Fem år tidlegare, 10. oktober 1875, hadde Adolphe Jullien (1845-1932) skrive ein artikkel om “La Musique en Norvège” i *Le Ménestrel*, om to norske komponistar: “L’un, le plus âgé et aussi le plus connu, s’appelle Severin Svendsen; l’autre, Edouard Grieg”. I Svendsen si adressebok frå den aktuelle Parisperioden, 1878-1880, finn vi namnet og adressa til nettopp Adolphe Jullien.

Frå ei side i ei av Johan Svendsen sine adressebøker (Nasjonalbiblioteket (NB), Håndskriftsamlingen, Ms8 1191, Almanakker og notisbøker, eske 2):



Verklista til Jullien har med fleire utrykte verk og mykje informasjon som ikkje kunne hentast frå forlagskatalogar. Lista har fleire detaljerte samanfall med dei to eigenhendige verklistene frå ca. 1879 (året før FÉTIS vart trykt), noko som tyder på at Svendsen på dette tidspunktet kan ha laga slike verklister for å kunne gi detaljerte opplysingar til Jullien. Verket *Zorahayda* op. 11, vart trykt med dette namnet i 1879, etter å ha vorte revidert av JS under opphaldet i Paris. Men i dei to verklistene B og C har det titlane *Zoraide* og *Zoraidée*. I Jullien si liste har også verket tittelen *Zorayde*. Tittelen på op. 14 er i Jullien si liste *Fête nuptiale a Décre, pour orchestre*, om lag slik som i dei to eigenhendige verklistene (*Bryllup paa Dovre*). Det utrykte verket op. 16, som i verklistene B og C heiter *Rødnæseriddermarsch*, er med i Jullien si liste, og heiter der *Marche*

humoristique, composée pour une fête dans une société d'artistes, á Christiania. Den utrykte *Sørgemarsj*, op. 10 er med i begge verklistene, og også hos Jullien. Det er dessutan eit nokså klart samanfall mellom lista over arrangement i VERKLISTE B og det som står hos Jullien om slike verk:

FÉTIS:

De plus, M. Svendsen a orchestré divers morceaux de Bach, Schubert, Liszt et Schumann; il a aussi arrangé pour petit orchestre de cordes différentes melodies populaires, deux d'Irlande, une de Norwége et deux de Suède; il a entin publiè sans numéro d'ordre une mélodie avec piano, la Violette, qui se chante en norvégien, en anglais et en allemand.

VERKLISTE B:

Arrangements:

Stenbeg Menuet Orchester

Liszt Rapsodie hongr. Orch.

Schumann Faschinschwank Orc.

” Carnaval Orc.

Schubert Divertissemento Orc.

Bach:

Schumann Abendlied Strygeorch

Wagner Studie til Tristan & Isolde Orc.

Schubert Adagio af Sonate X Orc.

Ole Bul Sæterjentens Søndag, ”I fjol gjett'e Gjeitinn”

To islandske Melodier To svenske Melodier

I Jullien si liste er også dei to hefta med songar op. 23 og op. 24 tekne med. Dei manglar i verklistene B og C, som sluttar med op. 22. Desse songane vart komponert i Paris 1879, og utgjevne der i 1880.

Verklistene B og C har ingenting som op. 20, men Jullien har ført opp ”op. 20 *Quatuor pour cordes*”. Vi veit frå brevvekslinga mellom Edvard Grieg og Johan Svendsen at Svendsen arbeidde med eit slikt kvartettprosjekt som han til slutt gav opp. Ein liten detalj er at Julien har blanda saman Island og Irland når det gjeld orkestreringane av folketonar.

Verklista Jullien laga finn vi i dei næraste åra etter 1880 også kopierte i andre leksika. *Musik-Lexikon von Dr. Hugo Riemann* (1882) (RIEMANN) har ei liste som er heilt lik den franske lista, men på tysk. Frå og med *Dritte Auflage* i 1887 er også op. 26 *Romanse* med i Riemann-leksikonet sine lister. Den første utgåva av Sir George Grove sitt leksikon har også med ei Svendsen-verkliste som minner mykje om Jullien si. Leksikonet sin tittel var då: *A Dictionary of Music and Musicians in four volumes* (1879–1889) (GROVE). Artikkelen her om Johan Svendsen er skriven av Cecie Stainer (1867-1937). Verklista frå førsteutgåva (1889) er uendra i alle seinare utgåver: Second edition (1900), Third edition (1927), Fourth edition (1940), Fifth edition (1954). I C. Stainer si liste finst det nokre underlege variasjonar som må skuldast mistydingar og språkleg forvirring, t.d. er det feil toneart på op. 7. Den vakre utgjevinga *Cyclopedia of music and musicians* (1888-1890) (CYCLOPEDIA) har i detalj kopierte lista frå GROVE, berre med nokre små variasjonar i skrivemåte, og dei underlege mistydingane er også komne med.

CYCLOPEDIA viser under artikkelen til både GROVE, FÉTIS og RIEMANN som kjelder.

Henrik Vissing Schytte: *Nordisk Musik-Lexikon* (1888) (SCHYTTE) er den lista frå denne tida som har mest samsvar med JS sine eigne lister. SCHYTTE har ikkje med noko verk som op. 20. *Romanse*, op. 26 er ført opp som fylgjer: “Romance i Gdur for Violin med Orchester (der ogsaa haves for Violincel af Popper)”. Dette er første gong Popper sitt arrangement vert nemnt i ei verkliste. Når nokre seinare lister fører opp Popper som komponist av romansen kan dette vere ei mistyding av Schytte si danske tekst. SCHYTTE, som er utgjeven i København fem år etter at JS flytta dit, er også meir detaljert enn tidlegare verklistar når det gjeld verka utan opusnummer.

NORSKE VERKLISTER FRÅ LIKE ETTER DEN ANDRE VERDSKRIGEN

Sidan GROVE si Svendsen-liste var uendra heilt fram til 1954-utgåva, kom også nokre av mistydingane herifrå inn i lister frå tida etter den andre verdskrigen. Frå denne tida har vi nokre

lister med norske forfattarar som dels bygger på GROVE, og som difor også har med feila i GROVE. Det klaraste eksempelet er *Musikkens Verden* (Første utgave 1951) (MV), der *Cellokonsert i D-dur* har feil toneart, d-moll, slik som i GROVE. I den andre utgåva av MV frå 1963 er færre verk lista opp, og cellokonserten er t.d. ikkje nemnt. Dei verka som *er* nemnt har dei same opusnummera som i den første utgåva av MV. Spesielt og unikt med desse norske listene er at dei også gir fleire av arrangementa for strykarar opusnummer. Vi veit ikkje kven som står bak verklista i MV, der dette er gjort. Men Olav Gurvin si litt avkorta liste i boka Olav, Gurvin og Øyvind, Anker: *Musikk leksikon* (Første utgave 1949, og ny revidert utgave 1959) (GURVIN/ANKER), og ei maskinskriven Svendsen-verkliste i *Olav Gurvins etterlatte papirer* (GURVIN), har også innført dette. Det kan tenkjast at dette er ein ide frå Gurvin, og at han på ein eller annan måte står bak artikkelen i MV, eller så har Gurvin henta dette frå MV. Eg har ikkje funne kjeldemateriale som tyder på at JS ville gje desse strykeorkesterverka dei opusnummera som forfattarane av desse norske listene innfører.

Gurvin har fjerna desse strykeorkesterverka frå opusnummereringa når han i 1965 står bak verklista i *Die Musik in Geschichte und Gegenwart, the first edition* (1949–1968, suppl. 1973–1986) (MGG1). Gurvin nemner desse arrangementa nederst i denne verklista, under overskrifta ”Bearbeitungen für Streichorchester”, men då utan opusnummer. Merkeleg nok er *Cellokonsert i D-dur* i Gurvin si MGG1-liste frå 1965 framleis ført opp i d-moll, sjølv om Gurvin i leksikonet sitt frå 1949 hadde retta dette til det korrekte D-dur. Op. 10, op. 13 og op. 16 er ikkje med i Gurvin si MGG1-liste, men han innfører som op. 25 dei to songane *Violen* og *Frühlingsjubel*. Det er vanskeleg å finne argumentasjon for dette. Han fører her ikkje lenger opp noko verk (Strykekvartett) som op. 20.

Som nemnt tok Øystein Gaukstad omsyn til Svendsen sine egne verknnummereringar frå verklistar og manuskript i lista han laga for SOHLMANS i 1952, og i den litt reviderte lista i den andre utgåva av SOHLMANS (1978). Men Gaukstad sine historisk funderte lister kom likevel ikkje til å påverke alle verklistene som kom mot slutten av hundreåret. Nokre av dei norske forskarane valde å gjere som t.d. Gurvin gjorde: Å fjerne nokre kantater frå opuslista for å erstatte dei med verk som Svendsen sjølv ikkje hadde gjeve opusnummer.

VERKLISTER FRÅ PERIODEN 1979-2011

To verklister, som begge kom kring 1980, med to ulike forfattar, liknar nokså mykje på kvarandre: NEW GROVE og CAPPELEN. Her har forfattarane teke omsyn til Gaukstad sitt arbeid frå 1952. Strykeorkesterarrangementa har ikkje opusnummer i desse 1980-listene, og då vart det plass til dei ulike kantatene med dei opusnummera som JS brukte i verklista si. Det er ikkje gjort endringar i NEW GROVE si Svendsen-liste i seinare utgåver.

Alberto Basso: *Dizionario Enciclopedico Universale Della Musica e dei Musicisti* (BASSO) kom i 1988, og er i stor grad ein kopi av lista i NEW GROVE, men ei nokså tilfeldig gruppe av verk er ikkje tekne med. Merkeleg nok er "Quartetto" ført under op. 20. Dette kan vere bygt på den første utgåva av SOHLAMANS, der ein tapt kvartett er lista opp som op. 20. Dette tok Gaukstad bort i den nye utgåva av SOHLMANS eit kvart hundreår seinare.

I 1990 kom det mest omfattande biografiske arbeidet om JS som er gjort: Benestad og Schjelderup-Ebbe sin Svendsen-biografi (BENESTAD). Gaukstad sine freistnader på å bringe verklista nærare JS sine eigenhendige verklister er det ikkje teke særleg omsyn til her. BENESTAD beheld derimot det som truleg er Gurvin sin ide frå 1940-talet om å gje strykeorkester-arrangementa opusnummer. Gurvin sjølv gjekk som nemnt bort frå dette på 1960-talet. Likeins held BENESTAD på ideen om å gi dei to songane *Violen* og *Frühlingsjubilé* opusnummeret 25. Dette fører til fleire av kantatene som JS hadde plassert på desse opusnummera vert tekne ut av lista. BENESTAD tek rett nok bort listene frå 50-talet si nummerering av arrangementet av Sæterjentenes søndag, og slik får ei av kantatene framleis vere med på lista.

Harald Herresthal står ansvarleg for verklista for JS i *Die Musik in Geschichte und Gegenwart, Second edition* (1994–2007, suppl. 2008) (MGG2), men han har ikkje gjort vesentlege endringar i Gurvin si liste frå 1965 (MGG1).

DETALJERT GJENNOMGANG AV PROBLEMATISKE OPUSNUMMER

I det fylgjande omtalar eg alle opusnummer og verk der det har vore divergens mellom dei ulike verklestene. Sidan variasjonane i listene er så store, finn eg det naudsynt å forstå kvifor variasjonane har dukka opp, før ein så kan bestemme seg for kva variantar ein skal leggje mest vekt på. Problematikken med ulik detaljutforming av titlar tek eg ikkje opp her anna enn når titlane er heilt ulike, eller når der er vesentlege språklege mistydingar i listene.

Op. 7

Cellokonserti D-dur vart i GROVE frå 1888 ført opp i d-moll. Den er i D-dur, slik det korrekt står trykt på framsida av partituret i forlaget Warmuth si førsteutgåve. Denne toneartfeilen er ikkje retta opp i seinare Grove-utgåver, heller ikkje i NEW GROVE, og feilen finst difor i online-versjonen av NEW GROVE per 2013. Fleire av dei andre verklestene har kopiert denne feilen. JSV skal ha D-dur her, naturleg nok.

Op. 14

Verket vart trykt i 1881 av forlaget Peters som op. 14, med tittelen *Norwegischer Künstler-Karneval (Norsk kunstnerkarneval)*. I dei eigenhendige manuskripta (partitur og stemmer) brukte JS opprinneleg ein annan tittel: *Bryllup paa Dovre*. Verket vart komponert i Christiania i 1874, og uroppført 17. mars dette året, ved Kunstnerforeningens Carneval i Frimurerlosjen, dirigert av JS. Versjonen frå 1874 var lenger, med ein triodel som vart teken bort i versjonen frå 1881. Svendsen sine verklister B og C listar begge opp *Bryllup paa Dovre* som op. 14. FÉTIS har truleg fått denne tittelen frå JS og har ein fransk versjon av den: *Fête nuptiale à Décre, pour orchestre* som op. 14. "Décre" er truleg ei mistyding av ordet "Dovre". RIEMANN har *Hochzeitsfest für Orchester* som op. 14, medan SCHYTTTE har fylgjande: "Norsk Carneval" (eller "Bryllupsfest"). GROVE har derimot *Marriage Cantata, for chor, and orch.* som op. 14. Truleg er dette ei mistyding og samanblanding, kanskje sidan omgrepet bryllaup er knytt til fleire Svendsen-verk. Op. 29 i VERKLISTE D er t.d. ei bryllaupskantate, i dem lista med tittelen *Kantate Ved Christiania Universitets Fest i Anledning af D.D. K.K. H.H. Gustav og Victorias*

Formæling. I GROVE er op. 14 kalla *Marriage Cantata* heilt fram til og med utgåva i 1954. CYCLOPEIDA har truleg kopiert GROVE på dette punktet, og har også denne tittelen ved op. 14. SOHLMANS og alle andre lister frå tida etter 1960 har *Norsk kunstnerkarneval* som op. 14, i samsvar med både Peters-utgåva og Svendsen si nummerering i VERKLISTE D. JSV bør også plassere *Norsk kunstnerkarneval* under dette opusnummeret, men samstundes opplyse om at den første versjonen av verket var lenger og annleis og hadde tittelen *Bryllup paa Dovre*.

Op. 16

Verklistene B og C har begge *Rødnæseriddermarsch* som op. 16. Dette verket vart også komponert til Kunstnerforeningen i 1874, men denne gongen til årsfesten, i fylgje BENESTAD. Besetninga var truleg strykekvintett (eller strykeorkester) og 4-hendig klaver. I dag eksisterer denne versjonen av verket berre i fragment, i to ulike skissesamlingar. Fem år etter at Svendsen døde, i 1916, gav Skandinavisk Musikforlag i København ut eit arrangement av dette verket: *Paraphrase sur des chansons populaires du Nord* arrangert av G. Tronchi for fiolin, cello og piano, pl. nr. C.R. 377. Opusnummer er ikkje nemnt i denne utgåva.

FÈTIS har *Marche humoristique, composée pour une fête dans une société d'artistes, à Christiania*, truleg basert på detaljerte opplysingar JS har gjeve. RIEMANN og SCHYTTE kopierer dette til *Humoristischer Marsch / Humoristisk Marsch*. Også her har det vorte ei mistyding i GROVE, heilt frå 1890 til 1953, sidan C. Stainer fører opp *Carnaval des artistes norvégiens*. *Norsk kunstnerkarneval* vart altså i GROVE slik flytta til op. 16. Som nemnt ovanfor hadde op. 14 i desse listene vorte til *Wedding cantata*. CYCLOPEDIA har truleg også her kopiert GROVE sidan dei har *Carnaval des artistes norvégiens* som op. 16. Denne mistydinga er dessutan vidareført i MV, der op. 16 er *Norsk kunstnerkarneval*. Også under Kammermusikk listar førsteutgåva av MV opp *Humoristisk marsj for fiolin, cello og klaver, op. 16 (Norsk kunstnerkarneval)*. Her er altså Tronchi sitt arrangement av *Rødnæseriddermarsch* blanda saman med *Norsk kunstnerkarneval*. Peters-utgåva av *Norsk kunstnerkarneval* har heilt klart op. 14 skrive på framsida, så grunnen til samanblandinga er nok at begge verka er skrivne til Kunstnerforeningen i Christiania. Olav Gurvin nemner ikkje opusnummeret 16 i det heile i lista

han lagar for MGG1, men i GURVIN/ANKER finn vi *Humoristisk marsj op. 16 for fiolin, cello og klaver*. Igjen er det Tronchi sitt arrangement som er blanda inn. I GURVIN er tittelen på op. 16 berre *Humoristisk marsj*. NEW GROVE tek med tittelen slik den er på framsida av 1916-utgåva: *Paraphrase sur des chansons populaires du nord, arr. G. Tronchi, humorous march, vn, vc, pf*. CAPPELEN nemner ikkje Tronchi, men har ”*Humoristisk marsj for Fiolin, Cello og klaver (op. 16? 1876?)*”. Gaukstad, i førsteutgåva av SOHLMANS, er den første som fører opp Svendsen sin tittel frå dei eigenhendige verklisterne: *Rødnæseriddermarsch*. Merkeleg nok har Gaukstad endra dette i andreutgåva av SOHLMANS (1978) til “*Humoristisk Marsch f. vl. vlc. o piano op. 16(?)*”. Tittelen hentar han her frå leksikonlistene frå 1800-talet, medan besetninga er henta frå Wilhelm Hansen si trio-utgåve. BENESTAD gjeninnfører i 1990 tittelen *Purpurnæseriddermarsch*, rett nok med *purpur* i staden for *rød*, truleg sidan ordenen sitt namn er *Purpurnæse-ordenen*.

I JSV bør ein etter mitt syn anten gjere som SOHLMANS (og BENESTAD) og fylgje Verklisterne B og C, eller ein kan fylgje VERKLISTE D sitt ”ukendt Forlegger og Komposition” og la opusnummeret stå utan verktittel. Når Svendsen formulerer seg slik i 1911 kan det kanskje vere fordi han ville fjerne den lite pretensiøse *Rødnæseriddermarsch* frå verklista si. Men dette er eit verk som eksisterer i dag, om enn i eit arrangement, og vi kan knytte det til ei konkret førsteframføring. Det kan også vere mogleg å gi verket nytt liv ved å restaurere det i originalbesetninga ut frå skissemateriale. Eg meiner difor at det helst bør få stå i verklista som op. 16. Men eg foreslår samstundes at ein nemner at det i dag berre finnast i eit arrangement av Tronchi, utgjeve i 1916, for ei annan besetning enn i originalen. Dessutan bør det nemnast at JS tok verket ut av den siste verklista si. Eg foreslår at JSV nyttar tittelen *Rødnæseriddermarsch*, sidan JS sjølv aldri brukte nemninga *Purpurnæseriddermarsch*. Det er ikkje utenkjeleg at Svendsen brukar ordet “Rødnæse” humoristisk, fullt medviten om ordenen sin korrekte tittel.

Op. 20

Her noterer JS i VERKLISTE D: ”Forlægger samt Komposition findes ikke”. I Verklisterne B og C er tittelfeltet ved op. 20 blankt. Kanskje heldt Svendsen plassen open for eit verk, i alle fall i

ein periode. FÈTIS fører opp *Quatuor pour cordes* som op. 20. Det er sannsynleg at FÈTIS si liste er bygd på informasjon direkte frå JS, så vi kan ikkje sjå bort frå at også informasjonen om ein strykekvartett har kome frå komponisten sjølv. Vi veit at han i åra like før FÈTIS vart trykt hadde ein kvartett under arbeid. I eit brev til Edvard Grieg frå 15. juni 1878 skriv Svendsen: ”Lykkelige Menneske, Du som har faaet færdig en Quartett, jeg har begyndt paa en, men jeg finder Opgaven vanskeligere for hvær Dag, og gaar det som hidtil saa har jeg liden Udsigt til at faa den færdig i dette Aarhundrede”. 30. januar 1879 får Grieg vite at Svendsen har lagt verket til side: ”Du spørger efter min i Sommer paabegyndte Quartett. Den har jeg foreløpig opgivet.”


RIEMANN kopierer FÈTIS ved å skrive *Streichquartett* som op. 20. GROVE har i alle utgåvene, av ukjent grunn, ein meir detaljert tittel som op. 20: *Scandinavian airs arranged for string quartet*. I dag kjenner vi til tre verk som er arrangement av skandinaviske folketonar frå JS si hand, men dei er for strykeorkester, ikkje for strykekvartett. CYCLOPEDIA kopierer dette. Det same gjer MV med *Skandinaviske melodier for strykekvartett* op. 20. GURVIN har op. 20 *Strykekvartett*, men i MGG1 (1965) har han ikkje noko verk under dette opusnummeret. Det har heller ikkje SCHYTTTE, NEW GROVE og CAPPELEN, medan BENESTAD skriv ”(Ingen komposisjon)”. Gaukstad nemner ein tapt strykekvartett som op. 20 i SOHLMANS i 1952, men i utgåva frå 1978 har han ikkje noko verk som op. 20. Det finst ikkje nok konkrete spor etter ein fullført strykekvartett med op. 20 utover at oppstilling i FÈTIS, og JS er klar når han i verklista frå 1911 skriv at det ikkje finnast noko verk med dette opusnummeret. JSV bør etter mitt syn la op. 20 stå utan verk, men spora i kjeldene etter ein påtenkt strykekvartett bør nemnast.

Op. 25

VERKLISTE D har *Wergelandkantate* som op. 25, med merknaden ”Solgt 1911 Hansen”. ”Hansen” står her for forlaget Wilhelm Hansen. WH-LISTE har samanfallande informasjon: Under overskrifta ”Manuskripter, hvortil udgivelsesret er erhvervet” står op. 25 *Kantate til Afsløring af Wergelands Monument*. Det eigenhendige manuskriptet er tydeleg merka med op. 25. I 1901 skreiv Svendsen eit brev til Catharinus Elling etter at Elling hadde spurt JS om biografiske opplysingar. I samband med op. 25 ser vi at JS leitar grundig i hukommelsen sin.

Utdrag frå brev frå Johan Svendsen til Catharinus Elling datert 12. mai 1901

(Nasjonalbiblioteket, håndskriftsamlingen, Brevsamling 126):



FÈTIS og RIEMANN har ingenting under dette opusnummeret, medan GROVE overraskande innfører fylgjande som op. 25 i alle utgåvene frå og med 1888: *Romance by Popper, arranged for violincello and pianoforte*. Dette kan lesast som om det finst eit originalverk av Popper som JS har arrangert for cello og klaver. Dette er ei mistyding, sidan det tvert imot var Popper som laga eit arrangement av JS si *Romanse* op. 26. Forlaget Warmuth gav ut Popperarrangementet i 1882, som det første av mange ulike arrangement av op. 26. Miss Stainer i GROVE kan kanskje ha oppfatta den danske teksten i SCHYTTE feil, der Popperarrangementet er nemnt. CYCLOPEDIA kopierer også på dette punktet GROVE. Det same gjer GURVIN: op. 25 *Romanse av Popper arr. for cello og fiolin*. I MV står også *Romanse av Popper* som op. 25, men Olav Gurvin knyter i MGG1 to andre verk til opusnummeret: Dei to romansene *Violen* og *Frühlingsjubel*. Det same gjer Herresthal i MGG2. *Violen* vart trykt i 1878 og *Frühlingsjubel* i 1880. Det er ingenting i utgåver, songtekster eller i det personbiografiske som knyter desse to songane saman. Dei er rett nok dei einaste to songane av JS som er utgjevne utanom op. 23 og op. 24. Men det er vanskeleg å finne argument for at dei skal ha opusnummeret 25 i staden for *Wergelandkantate*. I dei trykte utgåvene av songane er det ikkje nemnt noko opusnummer. Likevel kopierer BENESTAD her Gurvin si nummerering, og

plasserer *Wergelandkantate* utanfor opuslista. SOHLMANS har op. 25 *Kantate til Afsløringen af Wergelands-Monumentet*, og dette vidarefører NEW GROVE med op. 25 *Cantata for unveiling of the Wergeland Monument*. Det same gjer CAPPELEN med op. 25 *Wergelandskantate*. Eg meiner at JSV her bør halde på at *Wergelandkantate* er op. 25, sidan det er dette JS sjølv fører opp, og sidan forlaget Wilhelm Hansen har registrert kantaten under det opusnummeret som eit verk dei har forlagsrettane til.

Op. 27

VERKLISTE D har fylgjande som op. 27: *Kantate ved Christiania Universitets Fest i Anledning af D.D.K.K.H.H. Gustav og Victorias Formæling*. Ved tittelen står denne parentes: (Hansen 1911). Med andre ord har forlaget Wilhelm Hansen rettane, i fylgje JS. Dette verket er ikkje nemnt i WH-LISTE. Derimot står verket *Andante funèbre* oppført i denne lista med op. 27. Men det står også "Udgivet uden opusnumre" ved dei versjonane av *Andante funèbre* som er nemnt i lista. *Andante funèbre* er ikkje nemnt i forlagskatalogar eller andre verkliste som op. 27.

Dette opusnummeret er "tomt" i dei fleste listene frå 1880 til 1950 og i dei tre listene frå tida kring 1980. Men i MV, GURVIN/ANKER og GURVIN er *To svenske folkemelodier* plassert som op. 27. Det finst ingen opusnummer i dei trykte notane eller i manuskripta til desse folketonane. Det er difor vanskeleg å finne argumentasjon for at dei skal ha dette opusnummeret. Gurvin har også som nemnt fjerna desse strykeorkesterverka frå opusnummereringa når han i 1965 lagar verklista i MGG1. Her nemner han dei som "Bearbeitungen für Streichorchester", utan opusnummer. Likevel har BENESTAD plassert desse svenske folkemelodiane som op. 27, slik Gurvin gjorde det på 50-talet.

JSV bør etter mitt syn plassere kantaten under dette opusnummeret, sjølv om det finnast nokre argument for å gi den op. 29. (Sjå diskusjonen under op. 29).

Op. 28

VERKLISTE D har fylgjande oppført som op. 28: *Polonaise solgt 1911 Hansen*. JS slår altså fast at Wilhelm Hansen har forlagsrettane til verket. Dei gav det også ut som op. 28, men berre i

arrangerte versjonar: Først for Klaver, arrangert av Hakon Børresen (1876-1954), og så i 1919 i arrangement for salongorkester av Nicolai Hansen, i Heimdal-serien. Dette med “nr. 2” kan det verke som Gaukstad (eller Gurvin) har innført, sikkert sidan det finnast ein tidlegare polonese, *Festpolonese*, op. 12. Vi finn dette «nr. 2» i både SOHLMANS og GURVIN. Dateringa av notatane i Gurvin sine papir er usikker, så vi veit ikkje kven som først skreiv “nr. 2”. Gurvin nemner ikkje verket i MGG1, medan han i GURVIN/ANKER overraskande nok har strykeorkesterarrangementet av *Abendlied av Schumann* som op. 28. Slik er det også i MV, men det er vanskeleg å forstå kvifor Schumann-arrangementet skal plasserast under dette opusnummeret. Både NEW GROVE, og CAPPELEN har *Polonaise* nr. 2 som op. 28, medan MGG2 ikkje har noko verk under dette opusnummeret. BENESTAD fører opp berre “Polonaise”, og har altså ikkje med spesifiseringa “nr. 2”. JSV bør etter mitt syn gjere som Benestad og ha *Polonese* som op. 28. JS sjølv gav aldri denne polonesen rekkenummeret 2.

Op. 29

Som op. 29 har VERKLISTE D *Fire Orchesterstykker til Festforestillingen i Christiania Theater den 13. Februar 1882*. Verket er per dato tapt, om ikkje då musikk vi i dag kjenner under andre titlar var integrert i verket. Opusnummeret står tomt i alle trykte lister mellom 1880 og 1950, men i GURVIN, MV og i GURVEN/ANKER finn vi eit anna verk som op. 29: *Sæterjentens Søndag (Ole Bull) Arr. strykeorkester*, slik Gurvin titulerer det i GURVIN. Men Gurvin tok Bull-verket ut av opusnummereringa då han i 1965 laga lista for MGG1, slik han også gjorde det med dei to svenske folketonane. BENESTAD kopierte ikkje Gurvin her, men tok inn eit anna verk: *Bryllupskantate*. Dette verket finst i VERKLISTE D som op. 27. Truleg har BENESTAD henta denne ideen frå SOHLMANS, NEW GROVE og CAPPELEN, som under op. 29 listar opp *Cantata for U. of Christiania Celebration of wedding of Crown Prince Gustav* (NEW GROVE) og *Kantate ved Christiania Universitets Fest* (SOHLMANS og CAPPELEN). Det er truleg fylgjande grunnar til at desse listene gir kantaten opusnummeret 29: I det eigenhendige manuskriptet til denne kantaten er op. 27 på tittelsida kryssa over i blekk og erstatta med op. 29. På første partiturside står det framleis op. 27. Det står også op. 27 i eit klaveruttog som JS

sjølv har skrive. I stemmesettet i manuskript (NB) ligg det ein konvolutt med påskrifta ”J. Svendsen’s Kantate op. 29”, men dette er ikkje i JS si handskrift. Når Wilhelm Hansen seinare gav ut sluttkoret frå verket, i serien ”Kor-bibliothek”, brukte dei op. 29. WH-LISTE har som nemnt *Andante funèbre* oppført som op. 27, sjølv om dette ikkje står i utgåvene. Alt dette gjer nummereringa av op. 27 og op. 29 svært problematisk for oss i dag. Kantaten er skriven før *Polonese* op. 28. Om kantaten får opusnummeret 27 samsvarar dette altså betre med kronologien enn om den er plassert som op. 29.

JSV bør etter mitt syn bruke op. 29 på dei fire orkesterstykkka, og op. 27 på kantaten, slik som i VERKLISTE D. (Sjå også diskusjonen under op. 27).

Op. 30

I VERKLISTE D plasserer JS *Kantate til Holbergjubilæet i d. kgl. Theater i Kjøbenhavn December 1884* som op. 30. JS skriv også at Wilhelm Hansen har forlagsrettane til kantaten. Dette kjem ikkje fram av WH-LISTE. Det eigenhendige manuskriptet har ikkje opusnummer innteikna. Både SOHLMANS, NEW GROVE og CAPPELEN har denne kantaten plassert som op. 30, medan MV, GURVIN og GURVIN/ANKER innfører styrkeorkesterarrangementet *To Islandske melodier* på dette opusnummeret. Gurvin går bort frå dette i 1965-lista for MGG1, og plasserer strykeorkesterarrangementet under overskrifta ”Bearbeitungen”, utan opusnummer. Likevel har BENESTAD dei to islandske melodiane som op. 30 i staden for kantaten. Eg meiner det ikkje finnast argument for å plassere dei to islandske melodiane her, og foreslår at JSV gir *Holbergkantate* op. 30.

Op. 31

Svendsen skreiv tre verk for det danske kongeparet si feiring av gullbryllaup 26. mai 1892. I VERKLISTE D gir han dei tre verka opusnummera 31, 32 og 33. Han plasserer dei i den rekkefylgja dei vart framført i denne dagen. I eit brev til søstra Alberthine (1842-1921), datert 5. april 1892, skriv han: ”Jeg er nu ifærd med at skrive Musiken til den nye Ballet som skal være det Kgl. Theaters Festforestillihs Slutningsnummer. Det bliver et temmelig omfangsrigt Opus.

Naar det er færdigt begynder jeg strax paa Hymnen for Kor og Orchester, som skal aabne samme Forestilling og hvortil Bergsøe skriver teksten, og derpaa kommer Turen til Kantaten, hvormed Kjöbenhavns samlede Sangforeninger skal bringe guldbryllupsparret sin Hilsen paa selve Festmorgenen”.

Det er denne sistnemnde morgonhelsinga, sungen av 700 mannskorsongarar, som har fått opusnummeret 31 i VERKLISTE D: *De forenede Sangforeningers Hilsen til det danske Kongepars guldbryllup*. JS skriv også at Wilhelm Hansen har forlagsrettane til verket. Dette kjem ikkje fram av WH-LISTE.

SOHLMANS og CAPPELEN nemner ikkje noko verk som op. 31. MV, GURVIN og GURVIN/ANKER innførte derimot styrkeorkesterarrangementet *I Fjol gjætt'e Gjeitinn* som op. 31. Gurvin går bort frå dette i 1965-lista for MGG1, og plasserer dette arrangementet under overskrifta ”Bearbeitungen”, utan opusnummer. Likevel har BENESTAD strykeorkesterarrangementet som op. 31. Eg meiner det ikkje finnast argument for å plassere *I Fjol gjætt'e Gjeitinn* her.

NEW GROVE skiller mellom op. 31 og 32 på fylgjande måte: Op. 31: *Hymn for golden wedding of Christian IX*. Op. 32: *Festival Cantata for golden wedding of Christian IX*.

Dette er ei ombyting av desse to opusnummera. Svendsen sjølv har nok medverka til eit visst tittelkaos kring verka for gullbryllaupsdagen, men verket som vart framført om morgonen, av koret ”De samlede Sangforeninger af 1859” og blåseorkester, har aldri vore omtala som ”Hymne”. Instrumentasjonen av verket finnast i eit manuskriptet i Thorvald Hansen sin penn arrangert for kor og blåsarar. Her er tittelen *Kantate ved Majestæternes Guldbryllup 1892*. Det finnast også eit eigenhendig manuskript av klaverutittoget til verket ved NB under katalognummer ms 20, eske 12. Det har korkje tittel eller opusnummer, men musikken er den same som i Thorvald Hansen sitt manuskript, og teksten er ”I dag ved festens første gry”, skriven av P. Hansen. Det finnast mange klaveruttog i avskrift til verket. Desse har titlar som *Kantate i Anledning af Kong Christian den tiendede & Dronning Louises Guldbryllup 26 maj 1892*, *Kantate ved Majestæternes Guldbryllup den 28 Maj 1892* og *Guldbryllups-Kantate for Kong Kristian og Dronning Louise 1892*. Svendsen knytta også sjølv omgrepet ”Kantate” til verket, i brevet til

Alberthine. BENESTAD har nummerert dette verket som VERK 127 under tittelen *Festkantate. Sangernes morgenhilsen.*

I JSV-verklista får denne morgonhelsinga for kor og blåsarar opusnummeret 31, under tittelen JS brukte i verklista si: *De forenede Sangforeningers Hilsen til det danske Kongeparets Guldbryllup.*

Op. 32

I VERKLISTE D har Svendsen fylgjande som op. 32: *Kantate ved Festforestillingen*, ein tittel som lett kan blandast saman med den til op. 31. JS skriv her at Wilhelm Hansen har forlagsrettane til verket, men dette kjem ikkje fram av WH-LISTE. Manuskriptet til verket (NB, Mus ms 20, eske 12) var ei gåve frå Wilhelm Hansen til NB, står det på ein innlagt lapp. I biblioteket sin manuskriptkatalog står det ”Wilhelm Hansens musikforlag Dr. O.M. Sandvik. Den økonomiske utnyttelse (utgivelse) forbeholdt giveren.” Dette stadfestar at Wilhelm Hansen meinte å ha utgivingsrettane til verket då dei gav det til NB. I det eigenhendige manuskriptet til verket sto det først op. 31, men dette er endra til op. 32 i blekk (Dette er sannsynlegvis gjort av JS sjølv).

MV, GURVIN og GURVIN/ANKER innfører av ukjent grunn *Andante funèbre* som op. 32, men Gurvin går bort frå dette i 1965-lista for MGG1.

Også når det gjeld dette verket er det brukt ulike titlar: Det eigenhendige manuskriptet har tittelen *Festkantate/til/gallaforestillingen i det kgl. Theater/i Anledning af Kong Christian IX og/Dronning Louises Guldbryllup den 26 Mai 1892. / Text af Dr. W. Bergsøe,/Musik/af/Johan S. Svendsen./Op. 32./Kjøbenhavn Mai 1892./J. Svendsen.* Det har ei solid innbinding, med skrift i gullbokstavar: *Festkantate/Johan S. Svendsen.* NEW GROVE har *Festival Cantata for golden wedding of Christian IX* og både SOHLMANS og CAPPELEN har *Fest-Kantate i anledning af Kong Christian IX og Dronning Louises Guldbryllup.* BENESTAD brukar tittelen *Hymne ved Festforestillingen i Det kgl. Teater den 26' Maj 1892 i Anledning af Deres Majestæter Kong Christian den Niendes og Dronning Louises Guldbryllup.* Her følgjer BENESTAD ei avskrift av verket ved Det Kongelige Bibliotek i København (C II, 159b 2° 1933-34.209). Denne avskrifta

har fylgjande tittel på framsida: *Hymne / ved / Festforestillingen d. 26 Maj. 1892*. På neste side er tittelen: *Hymne / ved / Festforestillingen i Det kgl. Teater / den 26de Maj 1892 / i Anledning af / Deres Majestæter Kong Christian den Niendes / og Dronning Louises Guldbryllup / Texten af Dr phil Vilhelm Bergsøe Musikken af Joh. Svendsen*. Også det offisielle programmet ved festforestillinga har tittelen *Hymne ved festforestillingen i Det Kongelige Teater den 26. mai 1892*. I brevet til Alberthine brukte JS også omgrepet ”Hymne”. Eg meiner JSV bør ha denne *Hymne* som op. 32.

Op. 33

Det tredje verket i kongeparet si bestilling til gullbryllaupsdagen plasserer JS i VERKLISTE D som op. 33: *”Foraaret kommer” Ballet*. Også her fører JS opp at forlaget Wilhelm Hansen har skaffa seg forlagsrettar til verket. I det eigenhendige manuskriptet til verket sto det først op. 32, men dette er endra til op. 33 i blekk (Dette er sannsynlegvis gjort av JS sjølv). Det vert stadfesta i WH-LISTE at Wilhelm Hansen har forlagsrettane til verket, sjølv om opusnummeret manglar i lista. Det står der: ”Desuden nævnes en Ballet ”Foraaret kommer” (Formentlig identisk med ”Hiver et printemps”)”. Ei slik samanblanding av *Foraaret kommer* og *Hiver et printemps* finn vi også i GURVIN. Som op. 33 fører Gurvin opp: *Hiver et Printemps - Morceaux de Ballet Fra balletten ”Foraaret kommer” (1892)*. I GURVIN/ANKER er op. 33 *Hiver et printemps*, slik som også i MV. Balletten *Foraaret kommer* er komponert for orkester, men forlaget Wilhelm Hansen gav den aldri ut i denne forma. I 1900 gav dei ut eit lite utdrag frå balletten, for klaver, arrangert av Fini Henriques: *Hiver et printemps (Vinter og vaar). Morceaux de Ballet, Réduction pour Piano par Fini Henriques (2 hefter)*, pl. nr. 12855-56. Det første heftet har tittelen ”Vinter” (Hiver) og har to små ballettutdrag. Det andre heftet har tittelen ”Vaar” (Printemps) og tre små utdrag. Seinare gav Wilhelm Hansen ut korte arrangement av Alvin Berger og Nicolai Hansen under liknande titlar. Wilhelm Hansen gav også ut eit arrangemnet i 1900 av *Insekternes Dans*, henta frå balletten og arrangert for piano av Fini Henriques. Når forlaget seinare gav ut eit salongarrangement i Heimdal-serien med tittelen *Vinter og Vaar, Danse des insectes*, kan det


oppfattas som at det er sjølve balletten som heiter *Vinter og Vaar (Hiver et Printemps)*. Men vi har ikkje kjeldegrunnlag for at JS nokon gong endra namnet på sjølve balletten.

Også her er det Gaukstad som hentar fram den opprinnelege tittelen på verket: “Foraaret kommer”, i SOHLMANS. I den andre utgåva av SOHLMANS gjer også Gaukstad det klart på ein enkel måte korleis det eigentlege tilhøvet er mellom dei ulike titlane som har versert: “Foraaret kommer, ballettmusik, härur Hivers et Printemps”. Alle andre lister frå og med 1979 har *Foraaret kommer* som op. 33. BENESTAD har også dette, men fører i tillegg balletten opp ein annan stad i verkkatalogen som VERK 217. Grunngevinga for dette er at balletten inneheld fleire arrangement av andre komposisjonar og av folkemelodiar. Eg foreslår at JSV har *Foraaret kommer* som op. 33.

BLYANTINNSKRIFTENE I SVENDSEN SI VERKLISTE D

Blyantinnskriftene med opustal frå 34 og oppover i VERKLISTE D er etter mitt syn sannsynlegvis utført av JS sjølv. Utforminga av tala har fleire typiske trekk frå JS si handskrift kring 1911. Innskriftene må vurderast nøye, sidan denne lista frå JS sitt siste leveår er eit viktig historisk dokument med informasjon om nokre av komponisten sine eigne synspunkt på opuslista si. JS må ha meint at han "stod for" innhaldet i alle verka som er med på lista, også dei som ikkje har fått opusnummer med blekk.

Siste side frå VERKLISTE D (Musikmuseet i København, Arkiv 313, Johan Svendsens Papirer, Kasse IV:17, Kompositionsfortegnelser):



Slik er altså opusnummera frå op. 34 og oppover i VERKLISTE D:

- 34 "I fjol gjett'e Gjeitinn"
- 35 Isländische Melodien
- 36 "Sæterjentens Søndag"
- 37 Zwei schwedische Volksmelodien
- 38 Schumanns "Abendlied"
- 39 Wagners "Träume"
- 40 Violen
- 41 Fruhlingsjubel
- 42 Andante funébre

Dei to siste titlane som står lenger nede på arket har ikkje fått opusnummer. *Til Sæters* vart gjeven ut av Warmuth i ulike besetningar, samstundes med verket *Anna-polka*. Kva *Symphonie IV* tyder er uvisst.

Sjølv om denne opusnummerpåføringa bør vektleggjast, verkar den også litt tilfeldig. Svendsen har truleg plassert nummera i ettertid på ei liste som i utgangspunktet kanskje ikkje hadde ei gjennomtenkt rekkefylgje. I alle fall vert kronologien som finnast bak opusnummera frå 1 til 33 her totalt broten. Eg foreslår at opusnummereringa i JSV berre går opp til op. 33, men at det i ulike samanhengar vert nemnt at desse ni verka har fått høgre opusnummer i den siste av Svendsen sine eigenhendige verklistar.

Eg foreslår at JSV brukar dei opusnummera som er lista opp på fylgjande side, men JSV bør også utforme framstillingar på trykk og på internett som formidlar den komplekse historiske situasjonen kring opusnummera.

JOHAN SVENDSEN: VERK MED OPUSNUMMER (JSV-LISTE)

- Opus 1: Strykekvartett i a-moll
- Opus 2: To sanger for mannskor
- Opus 3: Strykeoktett i A-dur
- Opus 4: Symfoni nr. 1 i D-dur
- Opus 5: Strykekvintett i C-dur
- Opus 6: Fiolinkonsert i A-dur
- Opus 7: Cellokonsert i D-dur
- Opus 8: Sigurd Slembe
- Opus 9: Karneval i Paris
- Opus 10: Sørgemarsj
- Opus 11: Zorahayda
- Opus 12: Festpolonese
- Opus 13: Kroningsmarsj
- Opus 14: Norsk kunstnerkarneval
- Opus 15: Symfoni nr. 2 i B-dur
- Opus 16: Rødnæseriddermarsch
- Opus 17: Norsk rapsodi nr. 1
- Opus 18: Romeo og Julie
- Opus 19: Norsk rapsodi nr. 2
- Opus 20: Ingen komposisjon
- Opus 21: Norsk rapsodi nr. 3
- Opus 22: Norsk rapsodi nr. 4
- Opus 23: Fem sanger
- Opus 24: Fire sanger
- Opus 25: Wergelandkantate
- Opus 26: Romanse

Opus 27: Bryllupskantate

Opus 28: Polonese

Opus 29: Fra Fjeld og Fjord

Opus 30: Holbergkantate

Opus 31: De forenede Sangforeningers Hilsen til det danske Kongeparets Guldbryllup

Opus 32: Hymne

Opus 33: Foraaret kommer

TABELLAR:

Op. 16

VERKLISTE A, B, C	1879?	Rødnæseriddermarsch
FÉTIS	1880	Marche humoristique, composée pour une fête dans une société d'artistes, á Christiania
RIEMANN	1887-1922	Humoristischer Marsch
SCHYTTE	1888	Humoristisk Marsch
GROVE	1889-1954	Carnaval des artistes norvégiens.
CYCLOPEDIA	1890	Carnaval des artistes norvégiens.
VERKLISTE D	1911	ukendt Forlegger og Komposition
GURVIN	1950?	Humoristisk marsj
MV	1951	Norsk Kunstnerkarneval. Også under Kammermusikk: Humoristisk marsj for fiolin, cello og klaver, op. 16 (Norsk kunstnerkarneval)
GURVIN/ANKER	1949/1959	Humoristisk marsj op 16 for fiolin, cello og klaver
SOHLMANS	1952	Rødnæseriddermarsch
MGG1	1965	
SOHLMANS	1979	Humoristisk Marsch f. vl. vlc. o piano
NEW GROVE	1980	Paraphrase sur des chansons populaires du nord, arr. G. Tronchi, humorous march, vn, vc, pf
CAPPELEN	1980	Humoristisk marsj for Fiolin, Cello og klaver (Op. 16? 1876?)
BASSO	1988	Paraphrase sur des chansons populaires du nord per vl., vcl., e pf.
BENESTAD	1990	Humoristisk marsj (Purpurnæsemarsj)
MGG2	2007	
FORLAG		Wilhelm Hansen si utgåve av "Tronchi-arrangementet" har ikkje opusnummer

Op. 20

FÉTIS	1880	Quatuor pour cordes
RIEMANN	1887	Streichquartett
SCHYTTE	1888	
GROVE	1889-1954	Scandinavian airs arranged for string quartet
CYCLOPEDIA	1890	Scandinavian airs arranged for string quartet
VERKLISTE D	1911	Forlægger samt Komposition findes ikke
GURVIN	1950?	Strykekvartett
MV	1951	Skandinaviske melodier for strykekvartett Op. 20
GURVIN/ANKER	1949/1959	
SOHLMANS	1952	Stråkkvartett (förkommen)
RIEMANN	1961	Streichquartett
MGG1	1965	
SOHLMANS	1979	
NEW GROVE	1980	
CAPPELEN	1980	
BASSO	1988	Quartetto
BENESTAD	1990	(Ingen komposisjon)
MGG2	2007	

Op. 25

GROVE	1889-1954	Romance by Popper, arranged for violincello and pianoforte
CYCLOPEDIA	1890	Romance by Popper, arranged for violincello and pianoforte
VERKLISTE D	1911	Wergelandskantate solgt 1911 Hansen
GURVIN	1950?	Romanse av Popper arr. for cello og fiolin
MV	1951	Romanse av Popper
GURVIN/ANKER	1949/1959	
SOHLMANS	1952	Kantate til Afsløringen af Wergelands-Monumentet
RIEMANN	1961	
MGG1	1965	Violen og Frühlingjubel
SOHLMANS	1979	Kantate til Afsløringen af Wergelands-Monumentet
NEW GROVE	1980	Cantata for unveiling of the Wergeland Monument
CAPPELEN	1980	Wergelandskantate
BASSO	1988	Cantate per la dedicazione del monumento a Wergeland
BENESTAD	1990	To romanser
MGG2	2007	To romanser
FORLAG		Wergelandskantate, WH-udgivelsesret, med opusnummer

Op. 27

VERKLISTE D	1911	Kantate ved Christiania Universitets Fest i Anledning af D.D.K.K.H.H. Gustav og Victorias Formæling (Hansen 1911)
GURVIN	1950?	To Svenske folkemelodier - Arr. strykeorkester
MV	1951/1963	To svenske folkemelodier
GURVIN/ANKER	1949/1959	To svenske folkemelodier (1. Alt under himmelens fäste. 2. Du gamla du friska)
SOHLMANS	1952/1979	
RIEMANN	1961	
MGG1	1965	
NEW GROVE	1980	
CAPPELEN	1980	
BASSO	1988	
BENESTAD	1990	To svenske folkemelodier
MGG2	2007	
FORLAG		WH: Andante funèbre i liste, med op. 27 (men ikkje utgjeve med opusnummer)

Op. 28

VERKLISTE D	1911	Polonaise solgt 1911 Hansen
GURVIN	1950?	Polonaise nr.2
MV	1951/1963	Abendlied av Schumann
GURVIN/ANKER	1949/1959	Abendlied von Schumann
SOHLMANS	1952/1979	Polonaise nr. 2
RIEMANN	1961	
MGG1	1965	
NEW GROVE	1980	Polonaise no. 2 D
CAPPELEN	1980	Polonaise 2
BASSO	1988	Polonaise
BENESTAD	1990	Polonese
MGG2	2007	
FORLAG		Utgjeve av Wilhelm Hansen i to arrangement med opusnummer 28

Op. 29

VERKLISTE D	1911	Fire Orchesterstykker til Festforestillingen i Christiania Thetaer den 13 Februar 1882
GURVIN	1950?	Sæterjentens Søndag (Ole Bull) Arr. strykeorkester
MV	1951/	Sæterjentens søndag
GURVIN/ANKER	1949/1959	Sæterjentens Søndag av Ole Bull
SOHLMANS	1952	Kantate ved Christiania Univ.'s Fest i Anledning af D.D.K.K.H.H. Gustaf og Victorias Formæling
RIEMANN	1961	
MGG1	1965	
SOHLMANS	1979	Kantate ved Christiania Univ.'s Fest i Anledning af D.D.K.K.H.H. Gustaf og Victorias Formæling
NEW GROVE	1980	Cantata for U. of Christiania Celebration of wedding of Crown Prince Gustav
CAPPELEN	1980	Kantate ved Christiania Universitets Fest...
BASSO	1988	Cantata per l'Univ. Di Cristiania a celebrazione delle nozze del principe Gustavo
BENESTAD	1990	Bryllupskantate
MGG2	2007	

Op. 30

VERKLISTE D	1911	Kantate til Holbergjubilæet i d. kgl. Theater i Kjøbenhavn December 1884. (Wilhelm Hansen)
GURVIN	1950?	Zwei Isländische Melodien arr. for strykeorkester
MV	1951/1963	To Islandske melodier
GURVIN/ANKER	1949/1959	Zwei isländische Melodien
SOHLMANS	1952/1979	Kantate til Holberg-Jubilæet
RIEMANN	1961	
MGG1	1965	
NEW GROVE	1980	Cantata for the Holberg Jubileum
CAPPELEN	1980	Kantate til Holbergjubilæet
BASSO	1988	Cantata per il Giubileo di Holberg
BENESTAD	1990	To islandske melodier
MGG2	2007	

Op. 31

VERKLISTE D	1911	De forenede Sangforeningers Hilsen til det danske Kongepars guldbryllup (Wilhelm Hansen)
GURVIN	1950?	I fjol gjæt'e gjeitinn arr+ for strykeorkester
MV	1951/1963	I fjol gjætt' e gjeitinn
GURVIN/ANKER	1949/1959	I fjol gjæt'e gjeitinn
MGG1	1965	
SOHLMANS	1952/1979	
NEW GROVE	1980	Hymn for golden wedding of Christian IX
CAPPELEN	1980	
BASSO	1988	Cantate festiva op. 31/2 per le nozze d'oro di Cristiano IX
BENESTAD	1990	"I Fjol gjætt'e Gjeitinn"
MGG2	2007	

Op. 32

VERKLISTE D	1911	Kantate ved Festforestillingen (Wilhelm Hansen)
GURVIN	1950?	Andante funebre
MV	1951/1963	Andante funebre
GURVIN/ANKER	1949/1959	Andante funebre
MGG1	1965	
SOHLMANS	1952/1979	Fest-Kantate i Anledning af Kong Christian IX og Dronning Louises Guldbryllup
NEW GROVE	1980	Festival Cantata for golden wedding of Christian IX
CAPPELEN	1980	Fest-Kantate i anledning af Kong Christian IX og Dronning Louises Guldbryllup.
BASSO	1988	
BENESTAD	1990	Hymne
MGG2	2007	
FORLAG		WH-LISTE: Festkantate til Gallaforestillingen paa Det kgl. Teater i København 26, Maj 1892. "udgivelsesret", med opusnummer 32

Op. 33

VERKLISTE D	1911	Foraaret kommer Ballet (Wilhelm Hansen)
GURVIN	1950?	Hiver et Printemps - Morceaux de Ballet fra balletten "Foraaret kommer" 1892.
MV	1951/1963	Hiver et Printemps
GURVIN/ANKER	1949/1959	Hiver et Printemps, Morceaux e Ballett
SOHLMANS	1952	Foraaret kommer (Hivers et Printemps)
MGG1	1965	
SOHLMANS	1979	Foraaret kommer, ballettmusik, härur Hivers et Printemps
NEW GROVE	1980	Foraaret kommer (Spring is coming), ballet for golden wedding of Christian IX
CAPPELEN	1980	Foraaret kommer
BASSO	1988	Foraaret kommer, balletto
BENESTAD	1990	"Foraaret kommer"
MGG2	2007	"Foraaret kommer"
FORLAG		WH-LISTE: en Ballet "Foraaret kommer". "udgivelsesret", men opusnummer er ikkje nemnt.

LITTERATUR, KRONOLOGISK ORDNA:

Johan Svendsen: *Fire Verklister*. Musikmuseet Arkiv 313, Johan Svendsens Papirer, Kasse IV:17, Kompositionsfortegnelser.

H. v. Ende: "Biographisches. Johan Severin Svendsen (Mit Portrait.)" i *Musikalisches Wochenblatt*, 31. mars 1871.

"Johan Svendsen", i *Watson's Art Journal*, New York, 15. juli, 1871.

"Johan Svendsen", i *The Musical World*, London, 12. august 1871.

"Johan Svendsen", i *Skilling-Magasin til Udbredelse af almennyttige Kundskabe* nr. 17, 29. april 1871.

"Johan Svendsen", i *Allgemeine Moden-Zeitung*, Leipzig, januar 1872.

"Johan Svendsen", i *Ny Illustreret Tidende*, Kristiania, 2. mai 1875. Signert K. A. W.-H.

Adolphe Jullien: "La Musique en Norvège. Severin Svendsen et Edvard Grieg" i *Le Ménestrel*, 10. oktober 1875.

François-Joseph Fétis. *Biographie universelle des musiciens et bibliographie générale de la musique, Supplément*, Paris, 1880. Artikkel om Johan Svendsen v/Adolphe Jullien.

"Johan Svendsen", i *Nordisk Musik-Tidende* mars, april, mai og juli 1881. Signert av "F."

Musik-Lexikon von Dr. Hugo Riemann, Leipzig, 1882. (Artikkelen om Johan Svendsen er den same heilt fram til og med 11. *Auflage* (1922). 12. *Auflage* (1959-1961) har ikkje andre opusnummer, men lista er litt forkorta. 12. *Völlig Neubearb. Auflage* frå 1972 har ikkje endringar i verkleista.

Nordisk Musik-Lexikon, udarbeidet af Henrik Vissing Schytte, Kjøbenhavn, 1888.

A Dictionary of Music and Musicians in four volumes, London, 1879–1889. Edited by Sir George Grove with an Appendix edited by J. A. Fuller Maitland and an Index edited by Mrs. Edmund Wodehouse. Artikkel om Johan Svendsen v/Miss C. Stainer.

Second edition (1900), *Third edition* (1927), *Fourth edition* (1940), *Fifth edition* (1954).

Cyclopedia of music and musicians, New York, 1888-1890. Critical editor: William Foster Apthorp.

Gurvin, Olav og Øyvind Anker: *Musikk leksikon*, Oslo, 1949.

Olav Gurvin: *Liste over Johan Svendsen's verker*. Nasjonalbiblioteket, Håndskriftsamlingen, Ms.fol 4102 G, Gurvins etterlatte papirer. 1950?

Bull, Sverre Hagerup (red.): *Musikkens Verden*, Oslo, 1951.

Sohlmans Musiklexikon

Første utgave, Stockholm, 1952 (Bind 4), Sohmans Förlag. Hovedredaktør: Gösta Morin.

Gurvin, Olav og Øyvind Anker: *Musikk leksikon. Ny revidert utgave*, Oslo, 1959.

Bull, Sverre Hagerup (red.): *Musikkens Verden. Ny revidert utgave*, Oslo, 1963.

Wilhelm Hansen-bok over utgitte verk av Johan Svendsen. Handskriven bok arkivert ved Det Kongelige Bibliotek i København, Danmark.

Wilhelm Hansen-liste over utgitte verk av Johan Svendsen. Maskinskriven liste, datert 5/10-1964. Arkivert hos forlaget Wilhelm Hansen i København, Danmark. Inkludert er liste over Svendsen-verk ”hvortil utgivelsesret er erhvervet”.

Die Musik in Geschichte und Gegenwart, First edition. (1949–1968, suppl. 1973–1986).
Artikkel om Johan Svendsen v/Olav Gurvin.

Sohlmans Musiklexikon

Andre utgave, Stockholm, 1979 (Bind 5), Sohmans Förlag. Hovedredaktør: Hans Åstrand.
Artikkel om Johan Svendsen v/Øystein Gaukstad.

Kari Michelsen (red.): *Cappelens musikkleksikon*, Oslo, 1978-1980. Artikkel om Johan Svendsen v/Øivind Eckhoff.

The New Grove Dictionary of Music and Musicians, First edition, 1980. Artikkel om Johan Svendsen v/John Bergsagel.

Dizionario Enciclopedico Universale Della Musica e dei Musicisti diretto da Alberto Basso, Torino, 1985-1988, UTET.

Benestad, Finn og Dag Schjelderup-Ebbe: *Johan Svendsen. Mennesket og kunstneren*, Oslo, 1990.

The New Grove Dictionary of Music and Musicians, Second edition, 2001. Artikkel om Johan Svendsen v/John Bergsagel.

Die Musik in Geschichte und Gegenwart, Second edition, 1994–2007, suppl. 2008. Artikkel om Johan Svendsen v/ Harald Herresthal.

Bjarte Engeset: *JSV-nummer - det nye nummereringsystemet for Johan Svendsen sine verk, 2014.*